



Xtremeidfjord c/o Hardanger Økonomiservice AS

Att.Anita Fredheim Limstrand

Vår dato:

29.04.2022

Vår ref:

2021/6882

Dykkar dato:

01.03.2022

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Øistein Aasland, 5557 2322

Løyve til gjennomføring av Dynafit Hardangerjøkulen Ultra 2022 innanfor Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde

Statsforvaltaren i Vestland gjev Xtremeidfjord v/ Anita Fredheim Limstrand løyve til å arrangere Dynafit Hardangerjøkulen Ultra i 2022 innanfor Skaupsjøen/ Hardangerjøkulen landskapsvernområde. Dette løyvet gjeld både for den lange løype på 95 km og den kort løype på 34 km som går innanfor grensa til landskapsvernområdet i Vestland fylke. Statsforvaltaren i Oslo og Viken må fatte løyve for den delen av løpet som går i Viken fylke.

Vedtaket er fatta med heimel i § 4.2.1 "Ferdsle" i forskrift om vern for Skaupsjøen/ Hardangerjøkulen landskapsvernområde og vurdert etter naturmangfaldlova.


Det er sett vilkår til løyvet.

Vi viser til søknad, datert 1. mars 2022 frå Xtremeidfjord v/ Anita Fredheim Limstrand. Vi viser og til vårt vedtak, i sak 2021/6882, datert den 3. juni 2021, med løyve for løpet i 2021.

Bakgrunn for søknaden

Xtremeidfjord arrangerer Dynafit Hardangerjøkulen Ultra med to ulike distansar som har start og mål på Liseth Pensjonat & Hyttetun i Eidfjord kommune. Den lengste løypa på 95 km, og følger DNT sitt løpenett frå Liseth via Rembesdal rundt Hardangerjøkulen til Finse og vidare til Krækkja og Kjeldebu - før den endar på Liseth (sjå kart lengre ned). Den kortare løypa på 34 km, startar i same løypa som 95 km løypa før den på høgda før Rembesdalsvatnet tar av mot Skykkjedalsfjellet, rundar tilbake mot Leirhelsen og ender opp på Liseth. Om lag 1,5 km av den korte løypa går og innanfor grensa til landskapsvernområdet ved Moldnuten.

Årets løp er planlagt arrangert 9. juli og det er satt eit tak på maksimum 240 deltakarar totalt. Starten for 95 km går laurdags morgen kl. 07:00 og siste deltakar er forventa i mål seinast kl. 06:00 søndags morgen. Starten for 34 km-løpet går kl. 11:00 frå Liseth og siste løpar er forventa i mål før kl. 06:00 søndags morgen.



Høyring

Søknaden frå Xtremeidfjord vart sendt på høyring til Tilsynsutvala – for Hardangervidda, Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet, Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell og Statsforvaltarane kring Hardangervidda den 2. mars 2022.

Tilsynsutvalet i Vestland for Hardangervidda nasjonalpark hadde møte 24. mars 2022, og gjorde følgjande vedtak i sak 017/22:

«*Tilsynsutvalet i Vestland (TUV) rår til at ultraløpet Dynafit Hardangerjøkulen Ultra kan gjennomførast i 2022 som planlagt.*

TUV anbefalar at dersom Statsforvaltaren gjev løyve vert det stilt krav til at arrangøren har kontakt med SNO/lokal villreinnemnd i førekant av arrangementet, og om nødvendig justerar traseen dersom det er villrein i området. Me føreslår at arrangøren Xtremeidfjord må levere inn ei evaluering av løpet i etterkant med tanke tal deltakarar og på evnt. observasjonar av villrein i området.»

Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet kom med en kort tilbakemelding i ein e-post sendt den 7. april 2022, der dei skriv; «*Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet har ingen merknader til omsøkt trase, ettersom Hardangervidda-reinen for tiden ikke bruker områdene nord for Riksveg 7.»*

Statsforvaltaren kan ikkje sjå å ha mottatt høyringsuttalar frå dei andre instansane.

Statsforvaltaren sin vurdering

Dynafit Hardangerjøkulen Ultra er å rekne som organisert ferdslle. Søknaden vurderast difor etter § 4.2.1 Ferdsle i forskrift om vern for Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde og etter Naturmangfaldlova.

I Forvaltningsplanen for Hardangervidda nasjonalpark med landskapsvernområde går det fram at forvaltningsstyretema kan stille krav om løyve for organisert ferdsle som kan vere til skade eller



ulempe for verneinteressene i nasjonalparken og landskapsvernombordet. Statsforvaltaren i Vestland er forvaltningsstyretemma for den delen av Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernombordet som ligger i Vestland. Løpet går og inn i Viken sin del av landskapsvernombordet, der løparane skal innom eit sjekkpunkt på Krækkja. Dette treng eiga løye frå Statsforvaltaren i Oslo og Viken.

Dynafit Hardangerjøkulen Ultra vil gå gjennom brukssone 8: Skaupsjøen-Halnefjorden i forvaltningsplanen. Her står det at; «*Det kan tillatast eit relativt høgt bruksnivå i sona både for landbruksutnytting, tradisjonelt friluftsliv og turisme, men innafor rammene av verneformålet. Det skal takast tilbørleg omsyn til landskapet ved løye til byggjeverksemd og andre varige tiltak. Det må vurderast tiltak for å sikre verdifulle kulturminne i området som er utsett på grunn av ulik ferdslag og godt tilgjenge. Ein skal unngå tiltak og aktivitetar som kan bidra til å stenge villreintrekk mellom sentralvidda og området ved Hardangerjøkulen. Det bør ikkje gjevast løye til organisert ferdslag på vinterføre av omsyn til villreinen.*»

Statsforvaltaren har vurdert søknaden om å kunne arrangere Dynafit Hardangerjøkulen Ultra opp mot Naturmangfaldlova §§ 8 til 12:

§ 8 kunnskapsgrunnlag: Statsforvaltaren meiner vi har eit godt kunnskapsgrunnlag i høve til denne søknaden. Sjølv om eit slikt løp representerer ein potensiell kjelde til forstyrring av villrein og anna vilt, så vil dette bli avdempast ved at det er lagt inn vilkår om at arrangøren skal ha kontakt med SNO før løpet. Og dei er ansvarleg for at løpet avgrensast eller stoppast dersom det er fare for uroing av villrein. Denne informasjonen skal distribuerast til deltakarane før løpet startar.

§ 9 føre-var-prinsippet: Sjølv om vi meiner at kunnskapsgrunnlaget i denne saka er bra, så veit ein ikkje kor villreinen står, og kor myke eit slikt løp vil påverke dyra. Det er difor viktig med nær kontakt og samarbeid med SNO før og under løpet.

§ 10 økosystemtilnærming og samla belastning: Eit løp som omsøkt vil kome i tillegg til den ferdsla som er på vidda. Men sidan dette arrangementet vil avviklast over relativt kort tid, så vil ikkje påverkinga vere over lang tid. Løpet vil berre følge dei T-merka stiane, så det vil ikkje være folk utover i terrenget.

§ 11 kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Vi ser ikkje at det er relevant å vurdere dette temaet.

§ 12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Når ein skal ta omsyn til dette, så må det gå på å velje trasear og tidspunkt for løpet som ikkje kjem i konflikt med villreininteressene. Vi meiner at søknaden tek høgde for dette.

På bakgrunn av desse vurderingane gjev Statsforvaltaren i Vestland løye til å arrangere det omsøkte 95 km langt fjell-løpet; Dynafit Hardangerjøkulen Ultra i 2022.

Vedtak:

Statsforvaltaren i Vestland gjev Xtremeidfjord v/ Anita Fredheim Limstrand løye til å arrangere Dynafit Hardangerjøkulen Ultra i 2022 innanfor Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernombordet. Dette løyvet gjeld både for den lange løype på 95 km og den kort løype på 34 km som går innanfor grensa til landskapsvernombordet i Vestland fylke. Statsforvaltaren i Oslo og Viken må fatte løyve for den delen av løpet som går i Viken fylke.

Vedtaket er fatta med heimel i § 4.2.1 "Ferdslag" i forskrift om vern for Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernombordet og vurdert etter miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løpet skal arrangerast den 9. juli 2022.



- Det vert sett ei øvre grense på 240 deltagarar.
- Løpet skal i utgangspunktet følgje T-merka stiar (sjå kart).
- Deltakarane skal ha med seg GPS-tracing og ha med tilstrekkeleg utstyr for å klare seg i fjellet åleine.
- Det skal etablerast god kontakt med SNO i god tid før og under løpet. Områda mellom Bergensbanen og Rv7 nyttast i dag regelbunden av Nordfjellareinen. Arrangement må avgrensast eller stoppast om det er dyr sør for Finse og/eller aust/sør for Jøkulen i det aktuelle tidsrommet. Arrangøren har ansvaret for å avlyse konkurransen om dette er tilfellet. Dei er og ansvarleg for at informasjon om dette vert distribuert til alle deltagarane før løpet startar.
- Etter løpet skal det skrivast ein rapport om tal deltagarar, val av trase, kontakt med oppsynet og eventuelle observasjonar av rein. Frist for å sende rapporten til Statsforvaltaren vert sett til 1. oktober 2022. Manglande rapportering kan få følgje for eventuelle nye søknadar.
- Arrangøren må sjølv syte for eventuelle avklaringar med grunneigarar.

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet av part i saka eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Klagefrist er 3 veker etter at ein er kjent med vedtaket. Klage skal stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Stein Byrkjeland
fagdirektør

Øistein Aasland
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Eidfjord kommune
Ulvik herad
Tilsynsutvalet i Vestland - for Hardangervidda nasjonalpark
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet
Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell
SNO Hardangervidda